



Arkivnr: 2018/16321-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

| Utvil | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 29.05.2019 |
| Fylkestinget | | 12.06.2019 |

Fullmakt til sal av eigedomar som er kjøpt i samband med bygging av bybanen til Fyllingsdalen

Samandrag

Fylkesrådmannen får fullmakt til å selje eigedomar som er kjøpt opp under bygginga av bybanen til Fyllingsdalen.

Økonomi: Kjøp og sal av eigedomar er føresett å liggje inne i byggetrinn 4 for bybanen.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomane i denne saka som del av prosjektet bybanen byggetrinn 4, og at salsinntektene går direkte tilbake til prosjektet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sal og godkjenne bod som er lik eller høyare enn 90 % av takst.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av takst, tek fylkesutvalet avgjerd om salet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.05.2019

I samband med bygging av bybanen til Fyllingsdalen vert det kjøpt grunn og eigedomar der traseen skal gå. I nokre høve har det vore nødvendig å kjøpe bustader, ut over det som er fanga opp i reguleringsplanen, for å vareta tryggleik og livskvalitet for naboar til anlegget,. Ein reknar desse oppkjøpa som mellombelse. Planen er at eigedomane skal seljast igjen og at salssummane går tilbake til prosjektet.

Det er praksis at fylkestinget gjev fullmakt til fylkesrådmannen til å gjennomføre sal av fylkeskommunale eigedomar. Det kan reisast spørsmål om det er behov for ei eiga fullmakt for å selje desse eigedomane, som aldri har vore meint å bli verande i fylkeskommunal eige. Ein kan sjå det slik at kjøp og sal av desse eigedomane inngår som ein naturleg del av gjennomføringa av byggetrinn 4 for bybanen. For å vere på den sikre sida, legg fylkesrådmannen likevel saka fram for fylkestinget.

Det er ønskjeleg at fullmakt til sal er avklart på eit tidleg tidspunkt, slik at sal av kvar av dei aktuelle eigedomane kan gjerast når ein finn tidspunktet gunstigast.

Følgjande eigedomar er omfatta:

Bustader

Bustadeigedomar som kan seljast etter at byggeperioden er ferdig, eller så snart det er føremålstenleg med omsyn til gjennomføring av prosjektet:

- Torgny Segerstedts vei 169: Ein firemannsbustad i Fyllingsdalen.
- Løbergsalleen 29 og 31: To einebustader på Kristianborg med tomtareal på 380m² og 540m².
- Fløenbakken 25: Eit sameige i Fløen med seks leilegheiter.

Ubygd areal

- Fløenbakken 27-31: ubydgd eigedom i Fløen på 1650m². Dette er i dag eit sameige med 12 leilegheiter, som i tråd med reguleringsplanen, skal rivast våren 2019. Eigedomen vil etter at bybanens cut- & covertunnel er bygd bli reetablert utan bygg.

Ein tek sikte på å selje eigedomane på den opne marknaden ved hjelp av eigedomsmeklar. Prisønskje vil bli fastsett til forventa marknadspris på salstidspunktet.

Det vert rådd til at fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sal og godkjenne bod på dei nemnde eigedomane. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av takst, tek fylkesutvalet avgjerd om salet.